



## Flying start for Landskapsparkar i Hordaland

### Kva er ein landskapspark?

Landskapsparkar er ein ny måte å tenkje på og krev mykje av deltakarane i prosjektet. I tillegg til pågangsmot trengst og lokalt engasjement, langsiktig og kvalitetsbevisst tenking. Korleis kan landskapet bidra til å vere ein del av innteninga på garden? Dei ansvarlege i dei sju delprosjekta leverte i januar 2007 handlingsplanar der dei vart bedne om å skissere visjonar, ambisjonar og konkrete tiltak for prosjektet. Mykje spennande vil skje i parkane framover. Ein sykkelsti frå Fykse til Finse, Landskapspleie AS på Stalheim, sanseleg Streif i Vikebygd, opplevingsturar i Åkrafjorden og nye fjellturar i Herand er berre noko av konseptane som skal verkeleggjerast i Landskapsparkane. Sjå meir om delprosjekta på [www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no).

### Sju bygder i seks kommunar

Sju bygder i seks kommunar (delprosjekt) i Hordaland er valt ut til å delta i verdiskapingsprogrammet for utvikling av "Landskapsparkar i Hordaland". Delprosjekta omfattar lokale organisasjonar og næringsverksemdar, bygdelag, bedrifter, grunneigarar og andre entreprenørar. Bygdene er Herand, Fykkesund, Vikebygd og Åkrafjorden i Hardangerfjorden, Sæbø i Nordhordland, Stalheim og Myrkdalen på Voss.

### Løyving av prosjektmidlar

Handlingsplanane vart vurdert av ei arbeidsgruppe hjå FMLA og lagt fram for prosjektstyringsgruppa 16.02.07 som etter nøyte gjennomgang av delprosjekta konkluderte med følgjande fordeling av midlar. (gjeld 2007, ny fordeling av midlar hausten 2007)

Fykkesund Landskapspark	Kr	300.000
Vikebygdkrinsen Landskapspark	Kr	250.000
Herand Landskapspark	Kr	250.000
Stalheim Landskapspark	Kr	200.000
Myrkdalen Landskapspark	Kr	100.000
Sæbø Landskapspark	Kr	50.000
Åkrafjorden Landskapspark	Kr	100.000
Totalt	Kr	1.250.000

Landskapsparkane er svært forskjellige, noko som er ein styrke for prosjektet. Deltakarane får på den måten sjansen til å lære av kvarandre, av framskritt, blindgater i utviklinga, nye tankar og suksesshistorier. Det seier seg sjølv at trongen for midlar i bygdene er ulik også. Dei som ligg langt fremme er klare til å gjennomføre konkrete tiltak mens andre må jobbe med mobilisering og idéforankring i bygda.

Kontaktpersonar til kvar landskapspark finn ein på nettsida [www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no).

Rådgjever Dirk Kohlmann Tvedt, Fylkesmannen i Hordaland  
Prosjektleder Landskapsparkar  
Tel. 41296550, [dkf@fmho.no](mailto:dkf@fmho.no)